


Utviklingsplan 2024-2025

Frøyland skule

Fargerik og kunnskapsrik

**Trygge
Rause
Modige**





Innhald

Innleiing	3
Overordna mål.....	3
Sektormål for grunnopplæringa.....	3
Overordna del av læreplanen	3
Kommunale strategiar, planar.....	4
Vurdering av utviklingsområda inneverande år.....	6
Utviklingsområde 2024-2025	7
Utviklingsmål og tiltak 2024-2025	8

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda knytt til læringsmiljø og læringsresultat sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I [«Strategiplan Oppvekst 2023-2029»](#) er følgjande fem satsingsområde del av å definera retning mot felles mål i Oppvekst:

1. Trygge foreldre
2. Samhandling for førebygging og tidleg innsats
3. Inkluderande samfunn
4. Oppvekst og digitalisering
5. Rekruttera og behalda

I [Kvalitetsmelding for Timeskulen 2024](#) er det sett følgjande målsettingar ut frå satsingsområda i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 som skulane skal jobba mot:

Læringsresultat:

Satsingsområde 2 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Samhandling for førebygging og tidleg innsats der målet er at; Alle elevane i Time begynner i vidaregående opplæring eller i jobb etter 10-årig grunnskule.

- Vidareutvikla vårt felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane for å sikra at resultata i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.
- Grunnskulepoenga til elevane i Time skal ligga på regionalt nivå, med særleg fokus på tiltak som kan medverka til at differansen mellom gutane og jentene sine resultat vert mindre.

Læringsmiljø

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn.
Mål 2 Alle barn og unge melder at dei vert sett, høyrt og inkludert.

- Skulane skal følgja opp tiltak og plan knytt til medverknad som er utarbeidd i elevrådet for ein framgang på 0,3 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn Mål 1 Trend viser at 9 av 10 fullfører vidaregåande opplæring i perioden

- Målet framover er at: 9 av 10 elevar frå Timeskulen skal gjennomføra vidaregåande opplæring

Auka handlingsrom i skulane

Satsingsområde 3 i Strategiplan Oppvekst 2023-2029: Inkluderande samfunn
Tiltak: Alle tenestene i Oppvekst skal vera med å dreia ressursar frå individnivå til fellesskapet

- I 2024 skal skulane arbeida med tiltak knytt til faktorar som dei ser er med på å oppretthalda ein praksis der det stadig vert fleire individuelle vedtak.

«*Laget rundt læraren og eleven*» utarbeider årlege handlingsplanar (canvaser) som skal vera tett kopla til utviklingsplanen. Aktuelle tiltak som LLE skal gjennomføra, og bidra med i arbeid mot målsettingar knytt til læringsresultat og læringsmiljø skal skrivast inn i kolonna som har tittelen *Tiltak* i skjemaet for komande utviklingsområde.

Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2023-2024:

Læringsmiljø: Elevmedverknad

Læringsresultat: Lesing

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdera kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

Vurdering av utviklingsområda inneverande år

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på å kartlegge elevane sine behov i lesing og sette inn tiltak for å hjelpe eleven. Skulen vel å halde fram med lesing som utviklingsområde, sjølv om elevane har hatt nokolunde stabile resultat. Ein ønskjer stabile leseresultat og eit godt nivå over tid. Frøyland skule har hatt mykje fokus på lesing og kva som fremjar lesekompesanse. Ein vil forsetje med det som er bra og vidareutvikle dette på vår skule.

Elevane melder tilbake at dei trivst og opplever støtte frå lærarane sine. Når det gjeld elevdemokrati og medverknad ser me i 2023 at elevane melder at dei får vera med på elevrådsarbeid og lage klasseregular. Me kan vidareutvikla praksis knytt til elevane si moglegheit til å vera med å foreslå korleis dei skal jobbe i faga og legge til rette for meir medverknad i vurderingsarbeidet.

Samla grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 2024-2025

Læringsmiljø

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag- *kva er behovet? Naturlege mål og tiltak?*

Me treng å utvikle oss på oppfølging av demokratiske avgjerder, dvs. at elevane opplever at skulen hører på forslaga deira. Her må me sikra informasjon om avgjerder og gjennomføring.

Elevane skal i auka grad få vera med å foreslå korleis dei skal jobbe i faga. Her er målet ein framgang på 0,3 og eit gjennomsnitt for skulen på 3,8. Dette må ein legge til rette for i førebuing og arbeid med fag.

Elevane skal vera medverkande i vurderingsarbeidet. Elevrådet har kome med døme på korleis elevane vil jobba med dette. Skulen skal i løpet av skuleåret jobba fram døme på god vurderingspraksis.

Læringsresultat

I lys av målsettingane som er sett i Strategiplan for oppvekst, Kvalitetsmelding for Timeskulen og eige kunnskapsgrunnlag.

Resultat i lesing syner at me over tid har hatt god framgang, men me må sikra stabilitet og utjamning av forskjellar mellom klassar og kjønn. Me vil og setja ekstra fokus på gutane si utvikling og rette tiltak særskilt mot denne gruppa. Me må både ha tidleg innsats og god begynnars opplæring, samtidig som me sikrar god kvalitet på den andre leseopplæringa. Her skal ein jobba med å lese for å forstå, og lesing som ein reiskap.

Lesing og skriving heng tett saman og me vil i år legge vekt på systematisk arbeid for å utvikla god praksis i skriveopplæringa.

På grunnlag av dette har skulen valt følgjande utviklingsområde knytt til læringsresultat og læringsmiljø:

Utviklingsområde 2024-2025

Læringsmiljø: Elevmedverknad

- Elevane får vera med å foreslå korleis dei skal jobba i faga
- Elevane får vera med på å foreslå kva ein skal legge vekt på når arbeidet skal vurderast
- Elevane er med og vurderer arbeidet sitt
- Elevane får hjelp til å tenke gjennom korleis dei utviklar seg i faga

Læringsresultat: Lesing og skriving

Lesing: Kvar elev skal ha framgang i eiga lesing. Me skal ha låge tal på elevar i oppfølgingsområdet på 3 trinn, og på nivå 1 på 5. og 8. trinn.

Skriving:

Elevane våre kan skrive både for hand og på tastatur, og dei meistrar sjanger og skrivestrategiar ut frå forventningane for sitt trinn.

Utviklingsmål og tiltak 2024-2025

Grønne kolonner: Måla skal koma til uttrykk i kva elevane skal oppnå

Kvite kolonner: Tiltak skal omhandla kva skulen og lærarane skal gjera for at elevane skal nå måla

Mål for læringsmiljø og læringsresultat som er SMART- spesifikke, målbare, oppnåelige, relevante og tidsavgrensa

Utviklingsområde

- 1. Læringsresultat:** Lesing og skriving
- 2. Læringsmiljø:** Elevmedverknad

Undervegsevaluering av tiltak sett opp mot delmål skal gjennomførast på litt ulike tider i løpet av året.

Det blir gjennomført startmåling i august/ september.

Det skal gjennomførast ståstadsanalyse våren 2025, som grunnlag for val av utviklingsområde for skuleåret 25-26 og framover.

Læringsresultat: Lesing

Effektmål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Resultatmål Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Delmål Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Læringsresultat: Elevane fra Frøyland skule har gode grunnleggande ferdigheiter i lesing og skriving. Dei ligg på regionalt nivå for grunnskulepoeng. Gjennomføring av vidaregåande utdanning er 90%.	Elevane skal auka si lesekompesanse: Kvar elev har framgang i lesing. 1-3. trinn skal i gjennomsnitt ha færre enn 10 % i oppfølgingsområdet. På nasjonale prøvar for 5. trinn skal 85 % av elevane ligge på nivå 2 og 3 i lesing. På 8. trinn skal 80% av elevane ligge på nivå 3-5.	Elevane opplever at lesing er ei viktig ferdighet. På ein skala frå 1-10 skal elevane i gjennomsnitt svara 8 våren 2025. Dette gjeld frå 3.trinn. Elevane oppsøker lesing sjølv.	-Anbefaling av bøker av eldre elevar/bibliotekar -Høgtlesing og stillelesing i klassane kvar veke -Bruk av faktatekstar- leseforståing -Trene på å lese lengre tekstar for å trena opp «lese-kondisen» -Leseprosjekt på trinnet og skulen -Tilgang til eit breitt utval av bøker/ bøker i klasserommet (lesekasse)	Sjekk ut i aug/sep 3.-7.trinn. Måling ved bruk av «termometer» i klassen. Kvar klasse leverer eit gjennomsnittstal. Gjenta måling i februar. Sluttmåling i mai. Måling i august/september 3.-7.trinn ved bruk av spørsmål i klassen. Kvar klasse leverer eit gjennomsnittstal. Gjenta måling i februar. Sluttmåling i mai.
		Gutar og jenter skal ha same utvikling i lesing.	-Tilgang til relevante bøker og anna lesestoff. (materiell) -Høgtlesing med lesestopp og oppdrag før, under og etter lesing. -Leseaktivitetar i ulike sjangrar. (Døme: bokcafè, lesepunkt min 2 gonger i året Éin gong med fokus på skjønnlitteratur og éin gong med faglitteratur) -Klasselesekurs med fokus på faglitteratur	Sjekk status i leseresultat i klassen ved skulestart. Sjekk utvikling i desember/januar. April/mai. Verktøy: Blir bestemt av laga, sjå eige oversikt.

		<p>Elevane skal meistre ulike lesestrategiar ved å bruke</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Memoreringssstrategiar 2. Fordypningstrategiar 3. Kontrollstrategiar 	<p>Kvart trinn øver på å bruke to:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Memoreringsstrategier • Fordypningsstrategier • Kontrollstrategier <p>Se link til ulike strategier:</p> <p>uv.uio.no/ils/personer/vit/lisbbr/2019-brevik-tengberg---ekstrom-(2019)-bs-0119.pdf</p>	<p>Kvart trinn vel kva strategiar dei vel å jobba med dette skuleåret innan 1.10</p> <p>Evaluering av erfaringar i lagmøte i januar.</p> <p>I mars melder trinnet tilbake kva status er og om strategien dei har valt er noko ein bør ta med vidare som god praksis.</p>
		<p>Alle elevar skal auke sin avkodingsdugleik kvart skuleår</p>	<p>-Bruke pedagogiske verktøy: AskIRaski, På sporet, IMAL, Klasselesekurs, Relemo</p> <p>-Utarbeida: Slik gjer me her..... I samsvar med lesestrategien for Timeskulen.</p>	<p>Følgje elevane si utvikling i den kartlegginga som er innebygd i verktøya.</p> <p>-Sjå ferdig produkt og oversikt.</p>

Generelle tiltak:

Leseprosjekt i veke 7 for heile skulen.

Sjå på moglegheit til å oppgradera skulebiblioteket for å få tak i fleire bøker og anna litteratur som kan fange interessa til fleire.

Me skal etablira forventingar til praksis på skulen knytt til bruk av pedagogisk programvare og andre metodar, knytt til ulike trinn.

Alle klassane bruker skulebiblioteket aktivt og skulebiblioteket jobbar opp mot kvart trinn.

Skriving:

Effektmål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt?	Resultatmål Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Delmål Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal ein nå og evaluera desse? (SMARTE-mål)	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Læringsresultat Elevane frå Frøyland skule har gode grunnleggande ferdigheiter i lesing og skriving. Dei ligg på regionalt nivå for grunnskulepoeng. Gjennomføring av vidaregåande utdanning er 90%.	Elevane skal auka si skrivekompetanse slik at dei kan meistra skriving som grunnleggande ferdighet i ulike fag og utvikle skrivestrategiar knytt ulike fag.	Elevane på 1-4 trinn skal meistre skrivestrategiar og sjangrar utifrå skjemaet for skrivekompetanse på Frøyland skule.	<p>Vi bruker setningsstartarar skriverammer og modelltekstar i skriveopplæringa.</p> <p>-Det blir utarbeide eit dokument med forventa skrivekompetanse for kvart trinn.</p>	Kwart trinn samlar døme på kva metodar ein har øvd på. Undervegs vurdering av elevane sin framgang Dokument ferdig til januar.
		Elevane kan skrive på tastatur og for hand	<p>Vi øver på samanhengande skrift på 2.-4.trinn</p> <p>Vi øver jamleg på digital skriving i alle fag, og rett bruk av tastatur. Variera mellom ulike skrivemåtar mellom iPad og for hand.</p> <p>Skrive lengre tekstar, og lære seg bruk av ulik verktøy for redigering</p>	Samle inn eksempeltekst i september og februar.

Læringsmiljø

Effektmål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt ?	Resultatmål Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål)	Delmål Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål)	Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla?	Stoppunkt
Læringsmiljø: Elevmedverknad Elevane opplever at dei blir høyrd og har innverknad både i demokratiske prosessar og i eige læringsarbeid. Elevane opplever eit eigarskap til eiga	Elevdemokrati og medverknad: Elevane opplever at dei vert høyrt i saker som handlar om dei sjølve. Det er framgang på 0,3 frå førre måling, og eit gjennomsnitt på 3,8 for skulen.	Elevane skal oppleve medverknad i ulike demokratiske prosessar	Elevane skal øve seg på kva demokrati og medverknad er gjennom t.d.: -Lage klasseregler saman med lærar -Dialogisk undervisning -PBL(problem/prosjektbasert læring) - Debatt og argumentasjon	Startundersøking i september: Spørsmål frå elevundersøkinga. Frå 4.trinn. Elevundersøkinga i november
			-Deltaking i elevråd, klasseråd og andre samarbeidsorgan. Tydleg tilbakemelding på konsekvens av innspeil.	Sluttundersøking i april/mai

<p>læring og utvikling, og 9/10 gjennomfører vidaregåande utdanning eller kjem ut i arbeid etter ungdomsskulen.</p>	<p>Elevar medverkar i eiga læring.</p> <p>Det er framgang på 0,3 frå førre måling, og eit gjennomsnitt på 3,8 for skulen.</p>	<p>Elevane får vera med på å foreslå korleis dei skal jobbe i fag</p>	<p>Elevane er med på å velje arbeidsmåtar og produkt gjennom t.d.:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Periodeplanar/ arbeidsprogram der eleven kan velje rekkefølge på oppgåvene -Elevane får vera med på å bestemme kva som skal ha fokus -Arbeidsprosessar knytt til Kritisk tenking -Val mellom ulike CL- strukturar, munnleg aktivitet -Bruk av kreativitet og leik i undervisninga. -I planlegginga av arbeid med tema/ mål blir det lagt til rette for at elevane kan koma med forslag til korleis ein kan jobba (forslagskasse, idémyldring eller liknande) -Når elevane er med på å foreslå korleis dei skal jobba i fag, bør det og knytast til kva ein skal legge vekt på i vurderinga. 	<p>Drøfting og tilbakemelding i elevråd: Dette blei bestemt, dette er praksis no. Er det endring?</p>
		<p>Elevane får vera med på å foreslå kva ein skal legge vekt på når arbeidet skal vurderast</p>	<p>-Vera med å utarbeide/velje kriterium og kva ein vil fokusera på når arbeidet vurderast</p>	

		Elevane skal vere aktive i vurderinga av skulearbeidet sitt	Eleven får vere med å evaluere seg sjølve, og kvarandre. Elevane trenar på ulike strategiar for evaluering.	
		Elevane får hjelp til å tenke gjennom korleis dei utviklar seg i faget.	Munnlege tilbakemeldingar Elevsamtalar Tilbakemelding etter eit arbeid Rettleiing etter lekse	

